



Arkivnr: 2015/101-1

Saksbehandlar: Tone S Haugland / Marianne Ose Askvik / Elisabeth Bjørsvik / Britt-Karen Spjeld

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		22.01.2015

### Retningsliner og fullmakter på kulturområdet i 2015

#### Samandrag

Slik det har vore vanleg i starten av eit nytt år, legg fylkesrådmannen fram ei sak om fordeling av tilskot og avsetjingar til ein del årvisse tiltak. Det vil seia at det vert gjort framlegg om delegasjon av midlar, retningsliner og vurderingskriteria innan ulike felt:

1. Opne søknader / prosedyrar ang bruk av Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto
2. Internasjonalt arbeid
3. Tilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar
4. Tilskot til ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstønad)
5. Den kulturelle spaserstokken
6. Vaksenopplæring
7. Lokalhistorie/sogelag
8. / 9. Kulturminne
10. Idrett og friluftsliv

Det vil verte vert lagt fram eigne saker om fordelingar/retningsliner for:

- Tilskot til lokale kulturbrygg
- Prosjekt Bryggen
- Reviderte programområder for Kulturelt utviklingsprogram
- Fordeling av museumsplanmidlane
- Stimuleringsmidlar til tilrettelegging av kulturtiltak for ungdom / Kulturmøteplassen

I post 400.620 Ålmenne kulturvern føremål er drifttilskotet for 2015 til sogelaga gjort om til ei tilskotsordning med tildeling etter søknad.

Som det er vedteke i Regional kulturplan skal alle søknadsordningar gjennomgåast i løpet av 2015, med verknad frå 2016. Der det i denne saka er lagt fram forslag om revideringar/endringar, er forandringane difor små. Det er i all hovudsak klargjeringar av tidlegare retningsliner og praksis. Det er også lagt inn som krav i fleire søknadsordningar at det vert brukt elektronisk søknadsskjema.

Retningsliner, søknadsskjema og anna informasjon om søknadsordningane innan kultur-, idretts- og friluftsfeltet ligg tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Dette er ein oversikt der fylkeskommunale søknadsordningar er lista opp og presentert etter same mal, med link under fana «tenester» på framsida til Hordaland fylkeskommune.

#### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til dei skisserte føringane og prosedyrane når det gjeld handsaming av opne søknader og bruk av kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota i følgjande postar:  
Post 400.720:  
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff 150 000 kroner  
Kulturavtale Basse Normandie 210 000 kroner  
Internasjonalt kultursamarbeid 180 000 kroner
3. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til reviderte retningsliner og framlagte kriterier for tildeling av midlar til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar
4. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til reviderte retningsliner og vurderingskriteria for tilskotsordningane Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge slik dei er framlagt i saksframlegget
5. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til retningsliner og vurderingskriterier for Den kulturelle spaserstokken
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordela midlar til voksenopplæring etter vedtekne retningsliner og innanfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett.
7. Det skal utviklast og etablerast ei tilskotsordning for sogelag med retningsliner lagt fram for KURE i eige sak
8. Frå post 400.620 Ålmenne kulturvernføremål, underposten «Verdsarvstaden Bryggen», får fylkesrådmannen fullmakt til å fordele 220 000 kroner til å vidareføre satsinga på digital formidling av Verdsarvstaden Bryggen, i regi av Bymuseet i Bergen og Museum Vest.
9. Frå post 400.735 Tilskot til andre kulturføremål, Registrering, kartfesting og formidling av kulturminne, vert 412 000 kr fordelt slik:
  - Forvalting, skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne i BARK-prosjektet 100 000 kroner
  - Musea som støttespelarar i kunnskapsoverføring og formidling av tradisjonshandverk 100 000 kroner
  - Satsing på auka kulturminnekompesitanse i kommunane 212 000 kroner.
10. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar 400.410, 400.420 og 400.450:

Post 400.410:

1. Fylkespremiar

Post 400.420:

1. Opne idrettsanlegg for barn og ungdom kr 175.000
2. Støtte til regionale arrangement for psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma kr 200.000
3. Konferansar/ kompetanse knytta til aktivitets- og anleggsutvikling for kommunane og organisasjonar kr 180.000
4. Inkluderingsprosjektet "Aktiv saman" kr 400.000

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen kr 1.470.000, til saman kr 2.240.000 til fordeling.
2. Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde (Kap. 1420 post 78)

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 05.01.2015**

**1. OPNE SØKNADER / PROSEDRYRAR ANG BRUK AV KULTUR- OG RESSURSUTVALET SIN  
RÅDVELDEKONTO  
(400.760)**

Då det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet i 2013/14, vart det tilrådd at fylkeskommunen bør gjennomføre m.a. følgjande tiltak: «2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvelde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp». Fylkestinget 11.06.2014 , sak 22/2014 gjorde same punktet til vedtak då den endelige Revisionsrapporten vart lagt fram til handsaming.

Det kjem gjennom året inn opne søknader til Kultur- og idrettsavdelinga som ikkje er retta mot noka spesifikk søknadsordning. Det har vore praksis å då handsame desse – i hovudsak i to halvårlege samlesaker som vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet og knytt opp til løyvingar frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto ( Post 400.760 "Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet"). For 2015 står 750 000 kroner på denne posten.

Ein ønskjer i all hovudsak at aktørane i kultur- og idrettslivet forholder seg til søknadsordningane som er etablert. Søknadsordningane skal spegle og støtte opp om fylkeskommunen sine satsingar. Det vert i desse ettersteba å ha opne og rettferdige prosessar som oppfyller krava til god forvaltingsskikk og -lov. Det kan vere utfordrande å etterleve dette, spesielt når det gjeld opne søknader og bruken av utvalet sin rådveldekonto.

Det er til dømes viktig at det ikkje vert enklare for dei som kjenner til dette høvet for å få tildeling å søke opent enn å forholde seg til etablerte søknadsordningars og søknadsfristar. Likevel ser ein at det kan vere prosjekt som er viktige og som støtter opp under fylkeskommunen sin kulturpolitikk som ikkje fell inn under dei etablerte ordningane, og at det bør vere rom for å kunne støtte nokre slike. Enkelte gonger kjem også tiltak opp som det er ønskeleg å støtte, utanom vanleg planlegging, med korte tidsfristar.

Fylkesrådmannen vil førebels, og for 2015, tilrå at praksis rundt handsaming av opne søknader og prosedyrar ang bruk av Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto i hovudsak følgjer dei siste års praksis, men med nokre klargjeringar og nye rutinar for å imøtekome minstekrava til forvaltingsskikk og -lov.

- Det skal kvar månad vurderast administrativt korleis ein skal handtere dei opne søknadane som då er komen inn, og det skal sendast førebels svar på korleis den enkelte søknad er tenkt handsama:
  - o Søknader som naturleg fell inn i etablerte ordningar skal få tilbakemelding om dette og det vert evt. beden om godkjenning til å flytte søknaden inn i aktuell ordning.
  - o Søknader som fylkesdirektør/fylkesrådmannen ser som særsviktige å effektuere snarast kan løftast fram i eige sak til Kultur- og ressursutvalet eller evt Fylkesutvalet.
  - o Andre søknader vert handsama i samlesaker knytt til Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto siste møte i kvart semester.
- Det skal opplystas på fylkeskommunen sine nettsider om midlane.
- Tildelinger gjennom Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto skal gå til (større) prosjekt og tiltak som ikkje naturleg fell inn under etablerte søknadsordningars men som likevel i høg grad oppfyller mål i gjeldande kulturplan.

I samband med vedtak av regional kulturplan er det lagt opp til gjennomgang av alle fylkeskommunale tilskotsordningars på kultur- og idrettsfeltet, og ein vil i løpet av 2015 også sjå nærmare på rutinane kring bruken av Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto som ein del av dette.

**2. FULLMAKTER TIL Å DISPONERE OG DELEGERE DIV. POSTAR**

Som tidlegare år legg Fylkesrådmannen fram innstilling om at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskota i følgjande postar:

**Post 400.720:**

Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff 150 000 kroner  
Kulturtavle Basse Normandie 210 000 kroner  
Internasjonalt kultursamarbeid 180 000 kroner

Hordaland fylkeskommune har samarbeid med ulike regionar i Europa – Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og Nedre Normandie i Frankrike. Desse avtalane har ulike premiss, ulikt fokus og aktivitetsnivå. Posten internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til desse. Alle dei tre ovannemnde postane går til aktivitetar og prosjekt initiert av HFK, men i enkelte tilfelle vert det også gjeve tilskot til andre aktørar som har tiltak/prosjekt knytt til våre samarbeids-/venskapsregionar.

"Kultursamarbeid Basse-Normandie" vert brukt til oppfylling av våre forpliktingar om kultursamarbeid i samband med avtale med regionen Nedre Normandie og ny handlingsplan som vart underskrive i november 2012. Kulturfeltet er svært viktig i denne avtalen, Etter at kontakten med fylkeskommunen sin samarbeidsregion Basse-Normandie vart revitalisert i 2009, har det vore fleire konkrete samarbeidstiltak mellom regionane. Gjennom desse åra har ein stor del av samarbeidet vore knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som har fokus på nordisk kultur, m.a. gjennom at HFK har gitt støtte til deltaking frå hordalandskunstnarar innan ulike kunstaristar og sjangrar, gjennom merkelappen «Made in Hordaland». Det har vore gjennomført kunstnarutveksling også i form av gjestkunstnaropphold. I 2015 skal Hordaland motta ein ung kunstnar frå Normandie på eit tre månaders opphold.

Museum Vest sitt samarbeidsprosjekt med franske museumspartnarar om kulturminne frå 2.verdskrigen; «I skuggen av Atlanterhavsvollen», vert ført vidare i 2015. I 2014 hadde Museum Vest ansvar for ei fotoutstilling i samband med markeringa av D-dagen. I tillegg har samarbeidet ført til at utstillinga Brudd, som var eit samarbeid mellom fleire norske museum, vart laga i fransk versjon og første gang vist i Basse-Normandie i 2014.

Det vert lagt stor vekt på å kople kulturaktørar på ulike felt i dei to regionane/fylka og å stimulere potensielle samarbeid. Det har vore franske kunstnarar innan figurteater og nysirkus som har turnert i Den kulturelle skulesekken i Hordaland, og dette er planlagt vidareført.

Samarbeidet med Skottland/Edinburgh og Orknøyane er dei siste åra opptrappa og vidareutvikla, politisk og fagleg. Spesielt innan kulturminnefeltet og bibliotek er det utvikla systematisk, fagleg samarbeid dei siste åra. I november 2014 vart det mellom anna halden ein runde bordkonferanse i Bergen med skotske og norske nasjonale og regionale deltakarar innan kulturminnefeltet. Det ligg potensiale for felles prosjekt innan alle fagområda på kultur, idrett og friluftsliv.

Posten "Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff" går til advents/juleprosjekt med juletretning på Orknøyane, i Edinburgh og Cardiff (vart ikkje gjennomført i 2014). Kultur- og idrettsavdelinga legg opp turne på skulane på Orknøyane i tillegg til konserter, mellom anna i St. Magnuskatedralen i Kirkwall. Det er også under utvikling eit tettare samarbeid med St. Magnusfestivalen på Orkenøyane. I Edinburgh vert det arrangert adventskonsert i samarbeid med lokale mynde i samband med tenning av juletre som gāve frå Hordaland. I samband med vitjingane på Orkenøyane og i Edinburgh vert det parallelt lagt opp til faglege utviklingsprogram. KODE var til dømes invitert med til møte med skotske Kunstmuseum i Edinburgh i 2014. I Cardiff er situasjonen p.t. noko uavklara.

### **3. FORDELING AV DRIFTSTILSKOT – DRIFT AV FYLKESFEMNANDE BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONAR**

Ansaret for saksførebuinga ligg til Kultur- og idrettsavdelinga. Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) bidrar til opplysing av saka i førebuingfasen, jfr. forvaltningslova §17. HBUR har lang erfaring og høg kompetanse på feltet.

I sak 12/11 frå møtet 22.02.2011 vart HBUR si rolle framstilt som følgjer:

1. Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1.mars 2011.
2. Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og eigne vedtekter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen.  
*Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ei skriftleg innstilling med grunngjeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga.*
3. Fylkesrådmannen legg frem saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.
4. Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskota.
5. Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR.

Denne saksgangen vert gjeldande for 2015.

For 2015 er det 1 559 000 kroner til rådvelde for denne driftsstønadsordninga. For åra 2011-2014 har administrasjonstilskotet på 10% av tildelinga vore overført som del av driftstilskotet til HBUR, og Fylkesrådmannen tilrår dette også for 2015.

Retningslinene frå tidlegare år har vore som følgjer:

*1. Den totale summen for stønad til frivillige organisasjonar for barn og unge vert delt i tre "pottar" etter følgjande nøkkel:*

1. **Grunntilskot**, likt for alle organisasjonar: 20%
2. **Hovudstønad**, stønad per medlem under 26 år: 30%
3. **Fri pott til skjønsmessig fordeling**: 50%

*2. Ein organisasjon må for å vera kvalifisert for stønad, stetta følgjande krav:*

1. Ha aktive lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.
2. Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.

*3. Følgjande medlemsdefinisjon gjeld: Som medlem reknast dei som har betalt kontingent i løpet av føregåande kalenderår og var under fylte 26 år ved siste årsskifte.*

*4. Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet.*

*5. Søknadsfrist er som tidlegare 1. mars kvart år.*

*6. Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av dei oppgjevne medlemstal.*

*7. Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekke all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.*

*8. Ein organisasjon kan ikkje motta til ei kvar tid meir enn 10% av den totale fordelingssummen.*

*9. Organisasjonar som mottek driftsstøtte frå denne ordninga skal ikkje motta anna driftsstøtte frå fylkeskommunen, med mindre det gjeld konkrete samarbeidsprosjekt.*

Fylkesrådmannen rår til at retningslinene får tillagt eit tredje delpunkt under punkt 2, to ekstra punkt (punkt 5 og 6), og at søknadsfrist vert 1.april (punkt 7):

*1. Den totale summen for stønad til frivillige organisasjonar for barn og unge vert delt i tre "pottar" etter følgjande nøkkel:*

1. **Grunntilskot**, likt for alle organisasjonar: 20%
2. **Hovudstønad**, stønad per medlem under 26 år: 30%
3. **Fri pott til skjønsmessig fordeling**: 50%

*2. Ein organisasjon må for å vera kvalifisert for stønad, stetta følgjande krav:*

1. Ha aktive lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.
2. Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.
3. Medlem under fylte 26 år må utgjere hovuddel på medlemstal i organisasjonen.

*3. Følgjande medlemsdefinisjon gjeld: Som medlem reknast dei som har betalt kontingent i løpet av føregående kalenderår og var under fylte 26 år ved siste årsskifte.*

*4. Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet.*

*5. Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og aktivitetar.*

*6. Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar med idrett som hovudaktivitet.*

7. Søknadsfrist er 1. april kvart år, og søker må nytte elektronisk søknadsskjema.
8. Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal.
9. Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekke all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.
10. Ein organisasjon kan ikkje motta til ei kvar tid meir enn 10% av den totale fordelingssummen.
11. Organisasjonar som mottek driftsstøtte frå denne ordninga skal ikkje motta anna driftsstøtte frå fylkeskommunen, med mindre det gjeld konkrete samarbeidsprosjekt.

Med søknadsfrist 1.mars tidlegare år har det vore vanleg at mange søkerar har måtte ettersende årsrekneskapet. For å unngå slike ettersendingar, vert søknadsfrist endra til 1.april.

Lokallag eller distriktsorganisasjonar som er tilslutta fylkeslag kjem ikkje inn under ordninga. Det er utarbeidd eiga rettleiing til organisasjonane. Hovudprinsippet er at staten skal stø organisasjonar og tiltak på nasjonalt plan, fylkeskommunane på fylkes- eller regionalt nivå, medan kommunane har ansvaret for lokallag og lokale tiltak.

Den totale summen for driftstilskot til frivillige organisasjonar for barn og unge vert delt i følgjande tre "pottar" :

1. Grunntilskot, likt for alle organisasjonar: 20%
2. Hovudstønad, stønad pr. medlem under 26 år: 30%
3. Fri Pott til skjønsmessig fordeling: 50%

For punkt 3. «Fri pott» tilrår Fylkesrådmannen at følgjande kriterier vert veklagt i vurderinga:

- Tal på lokallag
- Aktivitet i organisasjonen
- Organisasjonens opne verksemد overfor ikkje-medlemer
- Nytenking
- Kostnader med arrangement.
- Eigeninnsats frå styret i organisasjonen og medlemmene (inkl. foreldre/føresette)
- God økonomisk kontroll og gjennomføringsevne.

Hordaland fylkeskommune ser positivt på samarbeid organisasjonar i mellom. Når det gjeld særskilde prosjekt der ulike organisasjonar samarbeider, er det i tillegg mogleg å søkje tilskot gjennom ordninga Kulturtiltak for barn og unge(aktivitetstilskot)om ein elles fell inn under retningsliner og oppfyller kriteria for ordninga.

#### **4.TILSKOTSORDNINGA TILSKOT TIL ÅLMENNE KULTURFØREMÅL OG TILSKOT TIL KULTURTILTAK FOR BARN OG UNGE (AKTIVITETSSTØNAD):**

*Budsjettpost 790, Stønad etter vedtak 1 030 000 kroner for 2015(ålmenne kulturføremål)*

*Tilskot – Særlege tiltak barn/ungdom 516 000 kroner for 2015*

Desse to ordningane, saman med Kulturelt utviklingsprogram, er dei ordningane som er mest relevante for eit breitt spekter av kulturaktørar i fylket å søkje på. Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge har same retningsliner og vurderingskriterier. Dette femner eit stort og aktivt felt, både innan kulturminne og samtidskultur- og kunst, både frivillig og profesjonell verksemđ. Søknadsfrist er 1. mars og 1.oktober, og søkerane vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet.

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kultursvar. Lokale kulturtiltak må såleis finansierast av vedkomande kommune e.l.. Organisasjonar, foreiningar og lag må ha organisasjonsnummer for å kunne søkje. Privatpersonar kan søkje tilskot eventuelt på vegner av ei gruppe. Då vert det stilt krav om at fødselsnummer vert oppgjeve i søkeren.

Totalløyvinga i ordninga Ålmenne kulturføremål på 1 030 000 kroner vert fordelt ved tildeling vår og haust. Vanlegvis ligg tilskota mellom 10 000 og 30 000 kroner. I ordninga Kulturtiltak for barn og unge er totalløyvinga 516 000 kroner, og enkeltløyvingane ligg stort sett mellom 5 000 og 25 000 kroner.

Forandringane i retningslinene som vert lagt fram er i hovudsak konkretiseringar av etablert praksis og at opplysningar som tidlegare har vore skrive i form av informasjon til søker no er teken inn som formal retningsline.

#### **Retningsliner:**

1. *Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingane skal difor gå til tiltak/prosjekt i Hordaland som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.*
2. *Stønaden skal gå til prosjekt og tiltak.*
3. *Det er høve til å søkje støtte under denne ordninga til både profesjonelle kulturtiltak og frivillige aktivitetar.*
4. *Denne ordninga skal støtte tiltak som har kulturfagleg innhald som hovudføremål, i denne samanheng vert ikkje idrett inkludert i kulturomgrepet.*
5. *Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:*

- a) ordinær drift
- b) investeringar i bygg, anlegg og utstyr
- c) utanlandsreiser

*Unntak kan vere deltaking i internasjonale tevlingar, m.m. etter kvalifisering eller samarbeidsprosjekt knytt til våre samarbeidsregionar.*

- d) Produksjon og utgjeving av skjønnlitteratur, film og musikk.

*Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.*

- e) tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular
- g) aktivitetar i regi av barne- og ungdomsorganisasjonar som får driftstilskot frå HFK. Unntak her kan vere fellestiltak mellom fleire organisasjonar

- 6. Søkjar må sende inn elektronisk søknadsskjema.

*7. Søknad kan verte avslått om søknadssum er svært mykje høgare enn dei løyvingane som vanlegvis vert innvilga i desse ordningane. Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og ein legg difor opp til ein praksis med å avslå søknader der ein ikkje finn rom til å innvilge minst 1/3 av søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.*

#### **Vurdering av søknader:**

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølgje):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

## **6. DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN**

Fra 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øyremerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk.

Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller

regionalt nivå. Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

### **Forvaltning av midlane**

For fylkeskommunar og kommunar som får over 100.000 kroner av spillemidlane, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane kjem føremålet til gode. Det kan anten gjerast ved at midlane plasserast på eigen renteberande konto, eller ved at renteinntekta reknast ut og vert gjeve som eit tilskot til føremålet. For kommunar som får under 100.000 kr av spillemidlane, er det ønskeleg, men ikkje eit krav om at renteinntektene kjem føremålet til gode.

### **Vurdering av søknader:**

Fylkesrådmannen tilrår at 80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering og at 20 % vert basert på ei kvalitativ vurdering.

#### *Kvantitativ vurdering:*

##### 1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

Desse personane er sjølvre målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektlegge dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

##### 2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolking

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I ni kommunar utgjorde innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet i 2014. Ein ser at kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkinga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnadar for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektlegge dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

##### 3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km<sup>2</sup> på fastland og øyer (tall er henta frå Statens kartverk). 10 kommunar strekker seg over 500 km<sup>2</sup>, og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km<sup>2</sup>. Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnadar for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektlegge kommunane sitt areal med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

#### *Kvalitativ vurdering:*

Fylkesrådmannen ser det som formålstenleg å fordele 20 % av midlane etter ei skjønsmessig vurdering.

Kriterier som vert lagt til grunn for denne vurderinga er følgjande:

- Programinnhald
- Nyskaping
- Utvikling av program
- Samarbeid

### **7. VAKSENOPPLÆRING – Post 400.730**

Hordaland fylkeskommune har sidan 1978 gjeve tilskot til studieforbund som organiserer vaksenopplæringstiltak. Fylkesutvalet vedtok i 2005 retningslinjer for administrasjonstilskot til vaksenopplæringstiltak. Tilskotet vert utrekna etter timetalet for to år sidan ut i frå statistikken til Statistisk Sentralbyrå. Hordaland fylkeskommune vil utbetale stønad til godkjende studieforbund som har dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Hordaland. Stønad til vaksenopplæringstiltak (grunntilskot og administrasjonstilskot) vert etter retningslinene utbetalt til det studieforbundet organisasjonane er med i.

Utgangspunktet er ”Forskrifter gitt i medhold av Lov av 28. mai 1976 nr 35 om voksenopplæring”.

Fylkesrådmannen tilrår at det som tidlegare vert gitt administrativ fullmakt til å fordela midlane etter vedtekne retningsliner og innanfor dei budsjettrammer som fylkestinget har godkjend i fylkeskommunen sitt årsbudsjett. Eit studieforbund må vere godkjent av Undervisnings og Forskinsdepartementet (UFD) og ha dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Hordaland.

– SSB-registrerte, godkjende studietimar i Hordaland vert lagt til grunn for utrekning av aktivitetstilskotet.

- Grunntilskotet er på 4 000 kroner. Det vert berre gitt grunntilskot til studieforbund som har SSB-registrert minst 500 studietimar i Hordaland.
- Det vert nyttal talmateriale 2 år før utbetalingsåret slik at utbetaling kan finna stad tidleg på året.
- Administrasjonstilskotet er 2-delt og vert fordelt til dei studieforbunda som kjem inn under vilkåra.
- a) Grunntilskotet er på kr 4 000 kroner for kvart studieforbund
- b) Aktivitetstilskotet vert fordelt etter studieforbundet sine SSB-registrerte, godkjende studietimar 2 år før utbetalingsåret. Minstesum for utbetaling av aktivitetstilskot vert sett til 500 kroner.

## **8. TILSKOTSORDNING FOR SOGELAG I 400.620 – Ålmenne kulturvernrføremål**

I budsjettet tidlegare år har enkelte sogelag i fylket fått spesifikke tildelingar. I post 400.620 Ålmenne kulturvernrføremål er driftstilskotet for 2015 til sogelaga gjort om til ei tilskotsordning med tildeling etter søknad. Målsetjinga er å stimulere til og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og aktivitet. Fylkesrådmannen vil utarbeide retningslinjer med kriteria for tilskotsordninga som vert lagt fram for kultur og ressursutvalet i februar 2015. Søknadsfrist for tilskotsordninga bør vere 1. mars og 15. september, og søknadane vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet. Tilskotet til Hordaland sogelag vert ført vidare som eit fast årleg driftstilskot.

## **8. REGISTRERING, KARTFESTING OG FORMIDLING AV KULTURMINNE**

Hordaland fylkeskommune er regional kulturminnestyresmakt med mynde etter Kulturminnelova og Plan- og bygningslova. Økonomiske verkemiddel og forvalting av tilskot er viktig for å gjennomføre den regionale politikken på feltet. Fylkesdelplan for kulturminne, vedteken av Fylkestinget 10.06.99, er erstatta av ny regional plan for kultur, som også har stor fokus på å styrke kulturminnekopetanse i kommunane gjennom mellom anna kulturminneplanarbeid, skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne og musea si rolle som formidlar av kunnskap om kulturminne og kulturmiljø.

I samsvar med måla i regional plan for kultur og auka fokus på kommunane og musea si rolle innan kulturminneforvaltning rår Fylkesrådmannen til at midlar frå budsjettetpost 400.735 knytt til registrering, kartfesting og formidling av kulturminne vert nyttal til å styrke forvalting av automatisk freda kulturminne gjennom skjøtsel og formidlingstiltak, musea som støttespelarar i kunnskapsoverføring og formidling av tradisjonshandverk og arbeidet med kulturminnekopetanse i kommunane. Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er ei tiårig satsing på skjøtsel og tilrettelegging i regi av Riksantikvaren. Fylkeskommunen utarbeida i 2012 ei prioriteringsliste i samråd med kommunane. Fylkeskommunen arbeider med å styrke feltet. Dette kjem også til syne i regional plan for kultur.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om slik fordeling:

- Forvalting, skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne knytt til BARK-prosjektet 100 000 kroner.
- Musea som støttespelarar i kunnskapsoverføring og formidling av tradisjonshandverk 100 000 kroner.
- Satsing på auke kulturminnekopetanse i kommunane 212 000 kroner.

Til saman 412 000 kroner.

## **9. FULLMAKTER TIL Å DISPONERE MIDLAR UNDER ÅLMENNE KULTURVERNRFØREMÅL**

I post 400.620 Ålmenne kulturvernrføremål er det for 2014 sett av totalt 3,33 millionar kroner. Av dette totalbeløpet er 220 000 kroner,- sett av til underposten Verdsarvstaden Bryggen.

Midlane til underposten «Verdsarvstaden Bryggen» har dei siste åra vore nyttal til utarbeiding av eit digitalt prosjekt for å løfte formidlinga av verdsarvstaden gjennom Bymuseet i Bergen og Museum Vest. For 2014 vart det løyvd midlar til eit forprosjekt om korleis Museum Vest og Bymuseet i Bergen kan ta ansvar for eit verdsarvsenter. Forprosjektet vil starte opp i 2015, og må sjåast i samanheng med musea sine formidlingsaktivitetar. Fylkesmannen rår til at midlane til underposten «Verdsarvstaden Bryggen» for 2015 vert nyttal til å vidareføre satsingar innan digital formidling gjennom dei to musea Bymuseet i Bergen og Museum Vest.

## **6 . FULLMAKTER TIL Å DELEGERE/DISPONERE POSTAR INNAN IDRETT OG FRILUFTSLIV**

### **Post 400.410**

#### **1. Fylkespremiar**

Arrangement i regi av Norges Idrettsforbund, Det frivillige skytarvesen og/eller underliggjande organisasjonsledd kan søke Hordaland fylkeskommune om premierung til nasjonale og internasjonale

meisterskap på seniornivå og til yngre klassar. Premiane er sølvpokal, tinnfat og kunstverk med idrettsmotiv. Det kan søkast om fylkespremiar gjennom heile året. Det vert tilrådd at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele fylkespremiar.

## **2. Opne idrettsanlegg for barn og ungdom**

Kommunar i samarbeid med idrettsråd kan søke om støtte til oppstart av opne idrettsanlegg for barn og unge. Ei eiga brosjyre med gode modellar er utarbeidd: [www.hordaland.no/idrett](http://www.hordaland.no/idrett). Det vert løyvd inntil kr 40.000 til dette lokale arbeidet. Det er krav om 50% eigenfinansiering og at tiltaket har eit langsigkt perspektiv. Støtte til vidareutvikling av eksisterande tilbod kan vurderast. Det er forløpande sakshandsaming av søknadar. Det vert tilrådd at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele dette tilskotet.

### **Post 400.420**

Støtte til **regionale aktivitetsarrangement for personar med psykiske lidingar og personar med nedsett funksjonsevne**. Aktivitetane vert planlagt og gjennomført i eit samarbeid mellom ulike aktørar. Kr 100.000 er avsett i budsjettet. I tillegg vert kr 100.000, som Hordaland fylkeskommune årleg får tilført etter søknad til Helse Bergen, nytt til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Totalt kr 200.000.

Fylkesrådmannen tilrår å tildele følgjande arrangement får tildelt:

- Vinteraktivitetsdag på Sjusete for utviklingshemma, Kvam herad kr 25.000
- Sommeraktivitetsdag i Strandebarm for utviklingshemma, Kvam herad kr 25.000
- Camp Herdla for psykiatrien i Hordaland, Askøy kommune kr 50.000
- Vinterfestivalen i Myrdalen, Voss kommune kr 50.000
- Vinteraktivitetsdagar på Kvamskogen kr 50.000

Vinteraktivitetsdagen i februar på Sjusete er godt etablert og arrangementet er svært populært med god deltaking frå heile Hordaland. I 2014 vart det etablert ein sommaraktivitetsdag, og Kvam herad ønskjer at dette skal bli eit årleg arrangement for målgruppa.

Camp Herdla på Askøy er godt forankra i kommunen etter at arrangementet vart gjennomført for andre gong i 2014. Arrangementet har eit bredt aktivitetsprogram i ei veke. Dei jobbar særleg med betring av skyss og tilrettelegging for breiare deltaking frå heile regionen i 2015.

Vinterfestivalen for psykiatrien vert gjennomført i Myrdalen i Voss kommune i samarbeid med fleire avdelingar i kommunen, folkehøgskulen og vg.skular. Det vert arbeidd med å involvere fleire samarbeidspartnerar.

Vinteraktivitetsdagane på Kvamskogen vart arrangert første gong i 1991 og har sidan den gong samla mange deltakrar frå heile fylket. Dette arrangementet er retta mot personar med psykiske lidingar. Aktivitetsdagane består av skileik, alpink, aking og varierte og morosame aktivitetar utandørs. Det er eit mål at alle skal kunne finne ein "vinteraktivitet" dei kan delta på for å få ein fin dag ute i snøen. "Vinteraktivitetsdagane" på Kvamskogen går over tre dagar.

Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse tilskota.

**Aktiv saman 2011-2017** – eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen, kommunane Bergen, Askøy, Fjell og Samnanger, Hordaland idrettskrets, Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland friluftsråd og Way Forward. Samarbeidet omfattar kartlegging, nettverksbygging, kompetanseutvikling, informasjon og aktivisering for å skape ein meir aktiv kvar dag for

fleirkulturelle born og unge i Hordaland. Modellen har overføringsverdi til andre områder t.d. kultur. Prosjektet er finansiert av midlar frå fylkeskommunen, dei andre partane og staten. Styringsgruppa, med representantar frå dei ulike partnerane, mottek søknadar og gjer tildeling. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse tilskota. Det er sett av kr. 400 000 på budsjettet for 2015.

Det er avsett kr 130.000 til **kompetansetiltak ovafor kommunane** og organisasjonar som t.d. dialogkonferanse og ulike kurs. Kulturdepartementet tildeler årleg, på basis av søknad og rapportering, kr 50.000 til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Såleis er det kr 180.000 til desse tiltaka for 2015. Det vert tilrådd at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å disponere desse midlane til føremålet.

Øvrige tilgjengelege midlar på post 400.420 vert nytta til delfinansiering av tiltak for å realisere Regional kulturplan 2015-25, i samarbeid med kommunar og/el frivillige organisasjonar. Det vert tilrådd at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse midlane.

#### **Post 400.450:**

##### **1. Tilskot til merking og gradering av turstiar**

«Det merkes i heile landet» er eit nasjonalt prosjekt knytt til gradering og merking av turløyper med ein felles skiltmal. Frivillige organisasjonar, kommunar, destinasjonar og større geografiske områder kan søke. I Hordaland er det ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kultursjef i Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og seksjon idrett og friluftsliv i Hordaland fylkeskommune. Søknadane vert vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv og folkehelse. Søknadsfrist for 2015 er 15. februar, og innan 1. april skal søker verte underretta om fordelinga. Gjensidigestiftelsen stiller krav om 50% fylkeskommunal/ kommunal eigendel, og eit forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor. Det er tiltak i 32 kommunar i Hordaland. For 2015 er det sett av kr 770.000 i fylkeskommunale midlar og Hordaland er tildelt kr 1.470.000 frå Gjensidigestiftelsen. Såleis er det kr 2.240.000 til fordeling. Det vert tilrådd at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilgjengelege ressursar til merking og gradering av turløyper i 2015 i samråd med tildelingsgruppa etter gjeldande nasjonale retningslinjer.

##### **2. Midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde (Kap. 1420 post 78)**

Målet med ordninga er å medverke til å fremme friluftsaktivitet i statleg sikra friluftsområde og område verna som friluftsområde etter markalova. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Midlane kan nyttast til opparbeiding av friluftsområder, tilrettelegging og skjøtsel. Aktuelle tiltak er t.d. informasjonstavler, opparbeiding av adkomstveg, parkeringsplass, turstiar/turvegar, fiskeplassar, universell utforming, badeplassar, brygge, toalett, søppelstativ, formidling av kulturminne, tilplanting og skjøtsel. Kommunar og friluftsråd kan søke. Det skal vere utarbeidd forvaltningsplan for friluftsområdet. Denne planen skal vere godkjend av fylkesmannen. Dei seinare åra har det i hovudsak vore to søkjrarar, Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest. Hordaland fylkeskommune har følgd deira prioritering i høve til kva friluftsområde som får tilskot.

Tilskotsordninga prioriterer friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader, blir eller har potensiale til å bli mykje brukt, ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala, og ligg nær innlandsvassdrag.

Søknadsfrist er 1. februar. I 2014 fekk Hordaland fylkeskommune kr 4 mill til fordeling på denne posten. I løpet av mars vert det meldt frå Miljødirektoratet om tildeling for 2015. Klima- og miljøverndepartementet set krav om at søker skal vere underretta om tildeling allereide innan 1. april 2015 i rundskriv T-1/14). Det er såleis svært kort tidsfrist for politisk handsaming, og det vert tilrådd at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele dette tilskotet.

